

<b>Innhald</b>	<b>Side</b>
Innleiing	2
Barnehagelova	2
Foreldremøte og samtaler	3
Opningstid	3
Mål	3
Glede og humor	4
Fleksibilitet, barns medverknad	4
Sosial kompetanse	4
Empati	5
Leik , gruppedeling	5
Meir om leik	6
Leik ute og inne	6
Barnet i sentrum	6
Barnet sin identitet, danning, toleranse mm	7
Omsorg	7
Venskap	7
Kunnskap	8
Song og musikk	8
Fysisk fostring, motorisk utvikling	8
Styrke språkutvikling,	8
Lese og skriveopplæring	8
Dei minste	9
Førskuleopplegg	9
Tilvenning	10
Nærmiljøet	10
Barn og sorg	10
Trafikksikkerheita til barna	10
Brannøving	11
Dagsrytme	11
Måltid	11
Når barnet kjem om morgonen	11
Samlingsstunder	12
Bordaktivitetar	12
Påkledning	12
Turar, utflukter	12
Samarbeid	12
Forsikring	13
Klede og utstyr	13
For sein henting	13
Viss barnet ikkje kjem ein dag. Sjuke barn.	13
Vedlegg ”verdi-ord”	14

<p><b>Innleiing</b></p>	<p>Det som står i denne planen gjeld Lesjaskog Barnehage. Innhaldet byggjer på Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen og Lesja Kommune sin handlingsplan og vedtekter. Personalet sin kunnskap gjennom utdanning, kurs og røynsle er den faglege bakgrunn. Innhaldet er også påverka av foreldresyn på korleis ein god barnehage bør vere. Planen er eit arbeidsdokument og ei oppslagsbok om barnehagen vår. Målgruppe er foreldre, dei tilsette og politikarar.</p> <p>Lesja Kommune eig og driv dei to barnehagane i kommunen: Lesja Barnehage, tlf. 46883205 og Lesjaskog Barnehage, tlf. 916 96 245</p> <p>Det er to opptak i året. Hovudopptak for neste barnehageår blir gjort i februar. Søknadsfrist er 1.februar. Opptak for oppstart i januar har søknadsfrist 1.oktober. Bruk elektronisk skjema, som du finn på heimesida: <a href="http://www.lesja.kommune.no">www.lesja.kommune.no</a></p>	<p><a href="mailto:lesjaskog.barnehage@lesja.kommune.no">lesjaskog.barnehage@lesja.kommune.no</a></p> <p>Barn som har plass, har plassen til dei tek til på skulen og treng ikkje søke på nytt kvart år.</p> <p>Sjå vedtektene om oppseiingstid.</p>
<p><b>Barnehage-lova</b></p>	<p>Alle barnehagar i landet skal drivast i samsvar med barnehagelova av 17.juni 2005 og rammeplan gjeldande frå 1/8-17</p> <p>Frå lova: §1 Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlyhet, tilgivelse, likeverd og soidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.</p> <p>Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg sjølv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.</p> <p>Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være</p>	<p>Vi tek opp dei kristne høgtidene jul, påske og pinse og andre merkedagar, som t.d. barn frå andre religionar.</p> <p>Menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom og toleranse er sentrale samfunnsverdiar vi legg til grunn for omsorg, danning, oppseding, leik og læring.</p> <p>Vi feirar fødselsdagar og lagar oss festdagar.</p>

	<p>et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.</p> <p>Personalet har teieplikt.  <b>Barnehagen/personalet har meldeplikt overfor barnevernet utan hinder av teieplikta.</b></p>	
<p><b>Foreldremøte</b></p> <p><b>Foreldre-samtaler</b></p>	<p>Vi innbyr til minimum to foreldremøte i året. Det siste blir i hovudsak eit evalueringsmøte.</p> <p>I tillegg har vi kullmøte, der foreldre til barn fødd same år blir invitert.</p> <p>For barn som er nye har vi ei samtale etter om lag ein måned. Elles blir det minimum to samtaler i løpet av barnehageåret. Ynskjer foreldre fleire samtaler eller samtaler før vi set det på planen, ta kontakt.</p> <p>I samtalene set vi barnet i barnehagen i sentrum. De foreldre kjenner barnet på heimebane. Vi i barnehagen erfarer korleis barnet fungerer saman med andre barn og dei vaksne i barnehagen. Saman kan foreldre og barnehage utfylle kvarandre til beste for barnet.</p> <p>Vi ser gjerne at begge foreldre er med på samtalene.</p>	<p>§4 For å sikre samarbeidet med heimane til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.</p> <p>Foreldre er forplikta til å delta på foreldremøte og – samtaler barnehagen kallar inntil.</p>
<b>Opningstid</b>	<p>Barnehagen er open frå måndag til fredag frå 7.15 til 16.30. Barnehagen er stengt jul og påske (f.o.m.24.12 t.o.m.31.12 og måndag, tysdag og onsdag etter palmesøndag/før skjærtorsdag) samt 8 kurs- og planleggingsdagar.</p> <p>Barnehagerute blir delt ut kvart år.</p>	<p>Vedtektene:</p> <p>Barna må ha 5 veker ferie pr. år, minst 3 veker må vere samanhengande.</p>
<p><b>Mål</b></p> <p><b>Barna skal ha gode opplevingar i augneblinken, som gjev styrke og læring for livet.</b></p>	<p>Fyrst og fremst ynskjer vi at barna skal trivast i barnehagen, at dei kjenner seg trygge og glade. Vi ynskjer å gje barnet gode opplevingar, vere med å gjere barndomen rikare. Vi ynskjer å gje barna eit godt grunnlag for all utvikling og læring. Barnehagen er ein møtestad for lek. Barnehagen er ein møtestad for vener. Glede, humor, fleksibilitet og lek vil vi skal vere sentralt i barnehagedagen.</p>	<p>Her skal det vere godt å vere.</p> <p>Barnehagen skal vere ein stad for dei gode barneminne.</p> <p>Vi ynskjer å gje barna ei kjensle av å vere fri</p>

<p><b>Glede og humor</b></p>	<p>Humor mellom vaksne og barn er med på å skape gode relasjonar og gode høve for læring. Humor gje livsglede og overskot. Humor fremjer skaparlyst, lyst til leik. Humor er med å skape tryggleik og harmoni. Positiv respons på barna sine eigne humorprodukt vil vere med å styrke sjølvbiletet til barna og gje dei tillit til at dei kan seie og gjere noko som andre har glede av, som andre tykkjer er morosamt.</p> <p>Gruppeglede – å oppleve saman med andre. Glede og humor er viktig i det sosiale samspelet.</p>	<p>I barnehagen finn vi mange former for glede: Barna viser glede når dei treff kvarandre att. Barna opplever at nokon blir glad når dei kjem. Barna viser glede i skapande prosessar som t.d. forming og ordspel, (språkleg humor), og ved fysisk aktivitet. Glede over å meistre!</p>
<p><b>Fleksibilitet Barns medverknad.</b></p>	<p>Fleksibilitet er fyrst og fremst at vi der og då står fritt til å leggje opp dagen slik at han blir til det beste for barna. Det inneber at vi kan utsetje eller forkaste det vi hadde tenkt til fordel for noko anna. Ein skaretur t.d. kan ikkje planleggast. Sentralt ved fleksibilitet og barns medverknad er å oppfatte og forstå ynskje og behov til barna. Kva er dei opptekne av? Kva er det beste for dei i dag?</p>	<p>Intervju av alle 4-åringar.</p> <p>Barn skal vere ein betydningsfull person i fellesskapet, i leik.</p> <p>Vi ynskjer å støtte og oppmuntre barna når dei tek initiativ og viser spontanitet, fantasi og engasjement i samspel med andre barn og vaksne.</p>
<p><b>Sosial kompetanse</b></p>	<p>Sosial kompetanse er kunsten å vere saman med andre menneske. Sosial kompetanse fører til mellom-menneskelege relasjonar der ein m.a. oppnår godkjenning frå vener og andre som er viktig for eigen godkjenning. Sosial kompetanse er å meistre ulike sosiale ferdigheiter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Empati</li> <li>• Positiv sosial åtferd</li> <li>• Sjølvhevding</li> <li>• Sjølvkontroll</li> <li>• Leik/glede og humor</li> </ul> <p>Rettferd og solidaritet er sentrale verdier. Vi skal vere ærlige og opne mot kvarandre. Vi brukar materiell frå Steg for steg frå Nasjonalforeningen for folkehelsen.</p> <p>Sosial kompetanse er grunnleggjande for å vere ein god leikekamerat.</p>	<p><b>Empati</b> – evna til innleving. Korleis viser barna innleving? Snakke om, setje ord på er sentrale omgrep. Lære å tilgje kvarandre. Sosial rolletaking.</p> <p><b>Positiv sosial åtferd</b> – Inkludere, oppmuntre, gjere klart kva slag åtferd som ikkje er akseptert. Viktig med balanse mellom å hevde seg sjølv og halde tilbake. Impulskontroll – førebygging av vald.</p> <p><b>Krav til dei vaksne:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vere aktivt til stades</li> <li>- oppleving</li> <li>- gjensidig respekt</li> <li>- vere tydeleg</li> <li>- forvente at barn høyrer</li> </ul>

<p><b>Empati</b></p> <p><b>Førebygging av mobbing</b></p>	<p>Empati er evne til innleving som fører til gode haldningar. Empati er det som gjer mennesket menneskeleg. Det er evna til å kunne forstå korleis andre har det og ut frå det gjere noko for å hjelpe</p> <p>Gjennom omsorg, oppseding og læring ynskjer barnehagen å fremje menneskeleg likeverd, som kjem til uttrykk gjennom sympati/nestekjærleik. Barnehagen ynskjer å fremje positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald. Personalet må medvirke til at individualiteten til kvart enkelt barn kan skje innanfor trygge rammer og normene og reglane i fellesskapet.</p> <p>Kvart barn har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. Barn skal oppleve å vere ein betydningsfull person i fellesskapet.</p>	<p>Barnehagen ynskjer å styrke barnas godheitsutvikling. Barna skal lærast opp til å godta kvarandre, støtte opp om kvarandre og oppmuntre kvarandre.</p> <p>Personalet er rollemodellar. Dei har eit særleg ansvar for at verdigrunnlaget blir etterlevd i praksis. Vaksne skal møte barn på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru.</p> <p>Barnehagen har rutinar på kva som blir gjort viss barn ikkje har det bra.</p>
<p><b>Leik</b></p> <p><b>Gruppedeling</b></p>	<p>I leiken undersøker barnet verda, gjer mange røynsler og lærer å forstå menneska rundt seg. Leiken gje grunnlag for sosial læring.</p> <p>Leik er arena for læring og utvikling. Han er prega av lyst og går føre seg på barna sine premisser. Leik er barnet sin veg til læring.</p> <p>Eit kjenneteikn på barnehagen er moglegheitene barna har til å leike. Difor vil vi i barnehagen leggje til rette for og skape tid og rom for leik.</p> <p>Å fungere i leik saman med andre er vanskeleg, men viktig å lære. Ein god leikar gjev av seg sjølv, kjem med idear og skapar utvikling i leiken. Han lyttar til andre og tek imot andre sine innspel. Det krevst at ein kan innordne seg kvarandre. Ein må kunne kommunisere. Språket er viktig i leiken. Leiken utviklar språket. Det er igjen viktig for lese- og skriveopplæringa.</p> <p>Ved å leggje stor vekt på leiken er vi med på å førebu barnet på skulen.</p>	<p>Å leike er for barn eit mål i seg sjølv.</p> <p>Leiken skal ha gode vilkår.</p> <p>For at barnehagen skal kunne bli ein god læringsarena, er det viktigaste at barnet får mykje tid til leik. Av og til går vaksne inn i leiken for å rettleie og inspirere.</p>

<p><b>Meir om leik</b></p>	<p>Spesielt rolleleiken er utfordrande og lærerik. Han krev</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• nyansert bruk av språket, dvs. at barna må bruke fleire sider ved språket.</li> <li>• Evne til å lytte og oppfatte kva dei andre barna meiner</li> <li>• Planlegging av leiken</li> <li>• Inngå avtale om kva dei skal leike og kven som skal gjere kva.</li> <li>• Dei fordeler roller</li> <li>• Dei går inn og ut av leiken og markerar dette tydeleg gjennom å endre språket.</li> </ul>	<p>Leiken tek barna inn i fysisk aktivitet.</p> <p>Byggeleik fremjer læring av matematikk.</p>
<p><b>Leik inne/ute</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna skal lære og ta omsyn til kvarandre</li> <li>• Fungere godt i samspel fungere under sette rammer og grenser</li> <li>• Fin-motorisk trening</li> <li>• Utvikle identitet</li> <li>• Sosial kompetanse</li> <li>• Språk, kommunikasjon</li> <li>• Røynsler</li> <li>• Kunnskap, læring, utvikling (t.d.intelligens)</li> <li>• Fantasi/røyndom</li> <li>• Avreagere, arbeide med vanskelege ting/hendingar i barnet sitt liv.</li> <li>• Barnet imiterar dei vaksne sine liv</li> <li>• Uteleiken gje i tillegg større motoriske utfordringar.</li> <li>• Leiken gje <b>glede</b> og humor</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje barna tid til leik. Legge opp dagen slik at barna i størst mogleg grad får leike utan avbrot.</li> <li>• Hjelpe barn som har vanskeleg for å kome inn i leiken.</li> <li>• Lære/hjelpe barna å inkludere andre.</li> <li>• Vi brukar drama som hjelpemiddel til å nå sosiale mål. Dei vaksne kan t.d. spele ein god leikesituasjon.</li> <li>• Vere obs på barn som ikkje fylgjer normal motorisk utvikling.</li> </ul>
<p><b>Barnet i sentrum</b></p>	<p>For oss er det viktig å setje det einskilde barnet i sentrum, i fokus. Kvart barn skal kjenne at det er sett. Dette gjer når vi helsar om morgonen, og at vi er der når de går att. Rutinar med opprop gjer at alle barn høyrer namnet sitt og blir sett på kvar dag. Ordensbarn og fødselsdagsfeiring set alle barn i sentrum etter tur. Barnas utstillingsplass sikrar at alle barn har ei teikning el.a. hengande oppe til kvar tid. Vi har rutinar på personalmøte som sikrar at alle barn har god kontakt med dei vaksne.</p>	

<p><b>Barna sin identitet</b></p> <p><b>Menneskeverd</b></p> <p><b>Toleranse</b></p> <p><b>Likestilling</b></p> <p><b>Danning</b></p>	<p>Barnet er ein del av Fellesskapet, i familien, blant venene, i nærmiljøet, i verda.</p> <p>Kven er eg? Gjennom samtaler, litteratur, formingsaktivitetar skal barnet bli kjent med seg sjølv og lære og forstå ord som sysken, foreldre. Dei skal ha kunnskap om sin familie.</p> <p>Respekten for menneskeverd inneheld m.a. retten til å vere ulike. Barnehagen skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar møtest i respekt for det som er forskjellig.</p> <p>Livsglede, meistring og kjensle av eigenverd er sentrale punkt.</p> <p>Barnehagen vil tilby alle barn eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uavhengig av alder kjønn, funksjonsnivå og sosial og kulturell bakgrunn</p> <p>Danning er ein prosess som handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Gode relasjonar og godt samspel er avgjerande. Barna skal møte vaksne som er sensitive og medvetne på verdiar, som har evne til å sjå, lytte til og ta barn sitt perspektiv, vaksne som stimulerar barns undring og tenking og støttar opp om venskapsrelasjonar og leik. Barn får oppleve ulike kulturinntrykk.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein del av verda. Barn fangar opp mykje av det som skjer i landet vårt og i verda elles. Vi vil notere ned utsegner som barn kjem med. Av og til blir det naturleg å prate om saker frå nyheitene med barna.</li> <li>• Ein del av veneflokken. Ta vare på venskap. Øve opp til å vere inkluderande, lære dei å sjå dei andre som har lyst til å vere med.</li> <li>• Fungere i leik. Kunne kodene</li> <li>• Både gutar og jenter skal bli sedde og høyrde, og dei skal i fellesskap delta i alle aktivitetar og få tilgang på dei same leikene og utstyret i barnehagen.</li> <li>• Barn si stemme skal bli lytta til.</li> <li>• Barn møter vaksne som er med på å utforske og utvide barna si verd.</li> </ul>
<p><b>Omsorg</b></p>	<p>For oss er det viktig at kvart barn får omsorg. Personalet skal passe på at barnet har det godt med omsyn til fysisk velvere, at det har tørre klede, får mat og kvile. Vi skal også passe på at vi er der når dei treng trøyst og hjelp.</p>	<p>Oppmuntre barna til å ha omsorg for kvarandre.</p>
<p><b>Venskap.</b></p>	<p>Vi ynskjer at barna skal utvikle venskap. Vi vil hjelpe barna til ikkje å bli så avhengige av faste leikekameratar, samstundes som venskap blir teke vare på. Barna skal få oppdage nye vener, øve seg i å kunne leike/samarbeide med kven som helst. Dei skal øve seg i å inkludere andre i leiken.</p>	<p>Barna skal få oppleve å høyre til i eit fellesskap og at dei sjølve har eit ansvar og at dei kan bidra til meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og vaksne. Innanfor fellesskapet skal personalet støtte og utfordre og ta omsyn til kvart enkelt barn.</p>

<b>Kunnskap</b>	Barnehagen skal også kome barna i møte når det gjeld deira trong til å vite og kunne. Gradvis skal dei få moglegheit til å utvide kunnskapane om seg sjølv og omverda. I den fleksible barnehagen nyttar vi også arbeidsformer som er meir strukturerte, der dei vaksne tek meir direkte leiing i planlegging og gjennomføring.	Barnehagen er ein kunnskapsarena.  Haldningsskapande: - forvaltaransvar - respekt for liv
<b>Song og musikk</b>	*Songstunder i barnehagen og i kyrkja saman med organist Paul Gunnar Lien. * Bruk av gitar og rytmeinstrument. *Aspirantane? Korpsinstrument ved skuleelevar.* * Songleik, rytme, dans og rørsle til musikk	Rytme er grunnlaget for all rørsle.
<b>Fysisk fostring – Motorisk utvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skigåing.</li> <li>• Turar</li> <li>• All aktivitet ute. Syn, hørsel, stemme blir naturleg stimulert ved å vere ute.</li> <li>• Lære namn på kroppsdelar.</li> </ul>	Fremje skiglede og ferdigheit. Skigåing er blant dei aktivitetane som stimulerar begge hjernehalvdelar.  Felles opplevingar. <b>Sansomotorisk trening er grunnmuren for all utvikling. Det må alle ha på plass før dei tek til på skulen.</b>
<b>Styrke språk- utvikling. Førebu lese- og skrive- opplæring.</b>	Vi legg vekt på ”den gode samtale”. I samlingsstundene blir samtale ofte styrt av den vaksne, barna får fortelje ut frå tema, hendingar o.a. Men innspel frå barna vil også bli tillagt vekt. Barna får trening i å lytte og prate i gruppe. Ved måltida og naturlege situasjonar i løpet av dagen, blir det lagt vekt på den ”alminnelege” samtale der alle, både barn og vaksen er på lik line. I ei samtale må ein kunne lytte til andre og seie noko i tilknytning til samtaleemnet, halde konsentrasjon på same tema som andre, assosiere og føre samtala vidare. <ul style="list-style-type: none"> <li>* Språksprell – leik Med ord og rytme</li> <li>* Bøker og forteljingar</li> <li>* Rim og regler</li> <li>* Rolleleik</li> <li>* Øve seg på å ta imot beskjed</li> </ul>	Vere obs på barn som har * sein språk- utvikling * ikkje god språk- Forståing * foreldre eller andre i nær familie med lese- og skrivevanskar.  Lese- og skrivevanskar er arveleg. Sei ifrå viss nokon i familien har dette problemet, og vi kan vere med å førebygge.  Vi fylgjer plan for språk-, lese- og skriveopplæring i Lesja Kommune (LUP)



<b>BiB</b>	Vi har <b>bibliotek</b> i barnehagen. Bøker som står i posthylla skal vere notert i låneboka. Elles noterer foreldra når barnet låner. Ved levering må de legge bøkene i innleveringskassa.	<b>Viktig at også foreldra/dei føresette les for barna heime.</b>
<b>Observasjon</b>	<p>Alle barn blir observert gjennom ‘Alle med’ Etter skriftleg samtykke frå foreldra, fylgjer dette med barnet inn i skulen.</p> <p>Ved behov, og etter avtale med foreldre, fyller vi ut TRAS (tidleg registrering av barns språk-utvikling.) Etter avtale kan vi ta språktest, Askeladden, og andre observasjonar.</p> <p>Vi kan be om konsultasjon med PPT, eller sende ei tilvising, viss vi treng rettleiing for å hjelpe barnet til god utvikling.</p>	
<b>Dei minste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Små barn må få nærme seg verda og alt det ukjente på sin måte og i sitt eige tempo.</li> <li>* Barna er naturleg nysgjerrige. Dei opplever ”her og no”. Vi må ha tid til å oppdage saman med barna.</li> <li>* Små barn treng lengre tid til å arbeide med sanseintrykk enn større barn. Dei må få prøve seg på nytt og på nytt.</li> <li>* For mange inntrykk i små hovud kan vere vanskeleg å sortere.</li> <li>* Små barn har også glede av og behov for venskap og leik blant jamngamle.</li> </ul>	<p>Hugsereglar vi har når vi planlegg dagen for dei små.</p> <p>Årsplanen i barnehagen er grunnlaget for planlegginga på småbarnsavdelinga også. Innhaldet i barnehagedagen blir tilpassa dei små/ alle aldersgrupper.</p>
<b>Førskule-opplegg</b>	<p>Periodevis vil vi samle førskulebarna som gruppe. Dei får eige opplegg som skal førebu dei på at dei skal bli skulebarn.</p> <p>Gruppefellesskap mellom barn er viktig for evna til å lære og evna til å danne haldningar også i dei tidlegast barneåra.</p> <p>På slutten av året vil vi ha ein høgtideleg avslutningsfest for førskulebarna og deira foreldre.</p>	<p>Saman med skulen har vi eit skule-tilvenjingsprogram. Barnehage og skule har samarbeid for å sikre barn eit godt læringsmiljø. Barna skal oppleve at det er samanheng frå barnehage til skule.</p> <p>Gruppekjenne, bli kjent på skulen, tryggleik er sentrale punkt.</p>

<p><b>Tilvenning</b></p>	<p>Nye barn blir invitert på besøk før dei tek til. Barnet blir litt kjent med barnehagen og vi med barnet. Det blir då gjeve informasjon til foreldre om korleis barnehagedagen er. Foreldra gje informasjon om barnet som det er viktig for oss å vite. Det kan t.d. vere om allergi.</p> <p>Barnet bør ikkje ha for lange dagar i starten. Det kan virke uoverkommeleg på barnet som ikkje har vårt tidsperspektiv, og barnet kan seinare vegre seg for å bli att i barnehagen når foreldra går. For nokre kan eit par timar vere nok.</p> <p>Det er viktig at foreldre ikkje lurar seg av garde når barnet er kome i gang med leik. <b>De må alltid seie ”ha det” til barnet når de går.</b></p> <p>Foreldre og personalet samarbeider om tilvenninga.</p>	<p>Nye barn får i starten ein kontaktperson blant personalet.</p> <p>Foreldre må rekne med minimum 10 dagar, ofte meir, før barnet er trygt nok til å ha fulle dagar i barnehagen</p> <p>Undersøk på arbeidsplassen om de har rett på permisjon med løn for tilvenning av egne barn i barnehage.</p>
<p><b>Nærmiljøet</b></p>	<p>Barna får bli kjent med nærmiljøet gjennom turar i naturen, til Dambrua, Haugabrua, kyrkja, Eldres Senter, Skoglund, skulen m.m.</p>	<p>Dette vil variere litt frå år til år.</p>
<p><b>Barn og sorg</b></p>	<p>Vi tenner ljós og syng ”Vær meg nær o Gud” når nokon i nær familie av barna eller andre barna har vore knytt til, dør. Foreldre må seie frå når dette er aktuelt. Foreldre kan kome med ein alternativ song om dei ynskjer.</p>	<p>Når vi er i kyrkja på songstunder, får barna bli kjent med kyrkjegarden. Av og til opplever dei at det blir arbeidd med å grave grav, eller at det nyleg har vore gravferd. Dette er med på å styrke dei i høve sorg om dei skulle oppleve at nokon dei står nær dør.</p>
<p><b>Trafikk. Sikkerheita til barna</b></p>	<p>Trafikk er haldningsskapande arbeid. Barna lærer ved at dei ser på kva vi vaksne gjer. Kunnskap går inn ved at vi, når vi går etter trafikkert veg, lærer dei kva som er rett. Vi pratar om skilt og aktuelle trafikkspørsmål når vi er etter vegen. Ved kryssing av veg, skal gruppa gå samla over.</p> <p>Viktige ord barna må rette seg etter, er Stopp! Vent!</p> <p>Bhg har kjøpt inn bilputer til bruk på busstur, for dei eldste barna.</p>	<p><b>NB!</b> <b>Når barna blir henta, skal dei ikkje gå utanfor gjerdet eller setje seg i bilen før den som hentar er klar til å gå. Ver obs på større eller mindre sysken som er med og hentar. GÅ IKKJE FRÅ BILEN PÅ TOMGANG ELLER MED NØKKELEN I TENNINGA !!!</b></p>

<b>Brannøving.</b>	Barna er kvart år med på ei brannøving. Vi øver på at vi i tilfelle brann skal gå ut til samlingsplassen, som i barnehagen er ved flaggstonga. Tlf.nr for brannvarsling er 110.	Viktig å understreke at det er dei vaksne som har ansvar. Barna må få vite at dei vaksne veit kva dei skal gjere viss brann oppstår. Dette gjeld både heime og i barnehagen. Personalet har øving der vi sløkker brann med pulverapparat og brannteppe.
<b>Dagsrytme</b>  <b>Eller korleis vi legg opp dagen</b>	Dagsrytma legg til rette for at barna skal få tid til leik. Barna må ikkje få for mange avbrot i leiken. Vi legg ofte samlingsstund og andre vaksenstyrte aktivitetar inntil måltid, slik at tida barna har til 'disposisjon' blir mest mogleg samanhengande. Barna vel sjølve kven dei vil leike med og kva dei vil leike. Men vi har også leikegrupper der det er bestemt kven som skal vere med, og der det er avgrensa kva dei kan leike med. Dagsform hjå barna, samspelet mellom dei, ver og årstid er faktorar som er med og påverkar korleis dagen blir.	Vi serverar graut kl 8, 2 nistemåltid.  Nista må vere ferdigsmurt, ikkje medsendt pålegg i småboksar.  <b>Barna bør alle dagar kome så tidleg at dei er klare til å ta farvel med foreldra kl. 9.00.</b>
<b>Måltid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skape trivelege måltid</li> <li>• Fellesskap</li> <li>• Samtale</li> </ul> <p>Vi ordnar mat når nokon har fødselsdag. Det blir laga mat på bål og på kjøkenet. Mykje av dette er sponatnt, slik at det er vanskeleg å planlegge når barna treng mindre niste. Ofte et barna frå nista i tillegg.</p>	Barna skal ha med niste til to måltid. Nista må vere ferdigsmurt, ikkje medsendt pålegg i småboksar. Barna skal ikkje ha med yoghurt. Ved å sende med barna god niste skapar foreldra gode kostvanar ved å gje dei smaken på sunn, næringsrik mat. Barna får mjølk og frukt i barnehagen.
<b>Det første møtet. Når barnet kjem om morgonen.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At barnet skal kjenne at vi blir glad for at han/ho kjem.</li> <li>• Kjenne seg velkomen</li> <li>• Få tryggleik og lyst til å vere her</li> <li>• Kontakt med foreldre</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Ikkje la bilen stå på tomgang medan de er inne med barna</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At dei vaksne (= personale og foreldre) helsar er god læring for dei barna som ikkje ynskjer å seie noko sjølv</li> <li>• Gå inn på eit anna rom viss det er noko ein vil prate om</li> <li>• Foreldra seier "ha det" når dei går</li> </ul>

<b>Samlingsstunder</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Formidle bøker og forteljingar, kultur</li> <li>• Skape bokglede</li> <li>• Lære songar</li> <li>• Leike med rim og rytme</li> <li>• Lytte til kvarandre</li> <li>• Lære/øve seg på å konsentrere seg om det som føregår i gruppe. Øve på å ha felles fokus.</li> <li>• Gje kjensle av fellesskap og det å høyre til.</li> <li>• Dans, songleik.</li> </ul> <p>Samlingsstund kan vere i heil gruppe eller smågrupper.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna får høve til å ta opp ting dei er opptekne av</li> <li>• Det å lese for barn er viktig for at dei sjølve skal bli gode til å lese og skrive</li> <li>• Dramaaktivitetar som bordteater, dramatisering av bok/forteljing (barna får leike det vi har lese eller dei lagar t.d. vind og bylgjer) og formidling ved hjelp av eigne ord og bruk av flanellograf er med å levandegjer tekstane for barna.</li> </ul>
<b>Bordaktivitetar</b> (Spel, teikning, baking, måling, veving m.m.)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trene fin-motorikk</li> <li>• Konsentrasjon over tid</li> <li>• Turtaking</li> <li>• Språk</li> <li>• Akseptere reglar</li> <li>• Prøve å tape</li> <li>• Form, farge , omgrep, tal</li> </ul>	Viktig at alle får prøve seg, ikkje berre dei som av seg sjølv vel slike aktivitetar. Alle treng dei røynsler som dette gje.
<b>Påkledning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli sjølvhjelpete. Klare mest mogleg sjølv.</li> <li>• Kle på seg utan tøys og sommel</li> <li>• Lære seg å halde orden på garderobeplassen</li> </ul>	<p>Ikkje forstyrre andre. Ta omsyn til dei som har samling el.a. Lære seg å vente på hjelp, vente på tur.</p> <p>Foreldra ryddar garderobeplassen v henting.</p> <p><b>NB!</b> <u>Klede, sko og utstyr <b>må</b> vere merka med namn.</u></p>
<b>Turar - utflukter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjent med nærmiljøet</li> <li>• Tur- og naturglede</li> <li>• Motoriske, fysiske utfordringar</li> <li>• Glede over å meistre</li> <li>• Trafikkreglar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samhald. Når ein går på tur, held ein saman, ingen spring frå dei andre</li> <li>• Felles opplevingar</li> </ul>
<b>Avskjed</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Takke for i dag. Alle seier "ha det" når dei går att frå barnehagen</li> <li>• Foreldrekontakt</li> </ul>	
<b>Samarbeid</b>	Barnehagen har samarbeid med skule, PP-kontor, helsestasjon m.m.	<b>Alltid samtykke frå foreldre når vi snakkar med andre instansar om barn.</b>

<b>Forsikring</b>	Barna er ulukkesforsikra gjennom KLP-forsikring. Forsikringa gjeld medan barnet er i barnehagen og når barnet er med barnehagen på tur. Barna er forsikra på veg til og frå barnehagen.	
<b>Klede og utstyr</b>	<p><b>Klede og skoty må vere merka med namn.</b></p> <p>Barna har skap/korg i garderoba der dei kan ha reserveklede. Dei må alltid ha fullt skift liggande.</p> <p>Vi er ute i all slags ver. Regnklede og støvlar, klede til ver og årstid er naudsynt.</p> <p>Ta også med innesko og sekk til turbruk. Sjå til at han er god å bere for barnet.</p> <p>Bleiebarn må ha med bleier. Barn som søv om dagen, søv ute i eigne vogner. Hugs sele i vogna.</p> <p>Ta med ski om vinteren.</p>	<p>Viktig at alle utebukser har strikk under foten!</p> <p>Barna skal ikkje ha med leiker og småting frå heime.</p> <p>Barnehagen kjøper solkrem. Fint om foreldra smør barna heime om morgonen.</p> <p>Foreldre og barn ser til at innesko o.a. står i hylla når dei går for dagen.</p>
<b>For sein henting- eller kome for tidleg.</b>	<p>Barna skal vere henta innan kl. 16.30, slik at barnehagen kan stenge da. Vis respekt for personalet si fritid. Foreldra må betale gebyr viss dei hentar barnet etter 16.30.</p> <p><b>Vi minner om: Skal andre enn dei barnet bur hjå hente i barnehagen, må det avtalast på førehand.</b></p>	<p>Det er ein god regel å kome i så god tid at ein får høve til å høyre korleis barnet har hatt det i løpet av dagen.</p>
<p><b>Viss barna ikkje kjem ein dag.</b></p> <p><b>Sjuka barn.</b></p>	<p>Foreldra må varsle dersom barnet ikkje kjem ein dag, anten det skuldast sjukdom eller berre ein fridag. Dette for at vi skal kunne avgjere om vi treng vikar ved evt fråver blant personalet, og for at vi skal kunne informere dei andre barna at leikekameraten ikkje kjem. For planlegginga av dagen er det viktig å vite om det er nokon av barna som blir fråverande.</p> <p><b>Vi kan ikkje gje medisiner som penicillin eller auge-dråpar i barne-hagen</b></p>	<p><b>Sjuka barn.</b></p> <p>Barn må vere heime når dei er sjuke. Er barna svært snørrete og forkjøla, er gjerne almentilstanden nedsett, barna har dårleg matlyst og orkar ikkje leike som vanleg. Då skal barna vere heime.</p> <p>Har barna kasta opp eller har diaré, skal dei vere heime 48 timar før dei kjem til barnehagen att.</p> <p>Dette av omsyn til det sjuke barnet og til dei friske barna i barnehagen.</p>

### Verdiar nemnt, frå rammeplan og drøftingar på personal- og foreldremøte:

- barnet i sentrum
- trivsel
- tryggleik
- glede, humor
- gode minne
- opplevingar
- rik barndom
- grunnlag for utvikling og læring
- møtestad for lek
- venskap
- fleksibilitet
- gode relasjonar
- livsglede
- overskot
- skaparlyst
- harmoni
- positiv respons
- styrke sjølvbilete/sjølvkjensle
- tillit/tiltru
- oppfatte og forstå barn
- empati
- positiv sosial atferd
- sjølvhevding og sjølvkontroll, impuls kontroll
- inkludere
- oppmuntre
- gjensidig respekt
- vaksne som er til stades
- vere fri (ikkje kontrollert av, dirigert til, styrt av.
- openheit
- styrke godheitsutviklinga
- godta kvarandre, toleranse, akseptere
- støtte opp om kvarandre
- innleving, gode handlingar
- barna sine premiss
- fungere saman med andre
- lytte, kva meiner dei andre?
- ta omsyn til kvarandre
- utvikle identitet, høyre til
- fantasi
- omsorg, fysisk og mentalt
- nysgjerrigheit
- gruppekjensle
- fellesskap og ansvar for fellesskap
- høflegheit
- likeverd
- likestilling
- ærlegdom
- toleranse
- solidaritet
- medmenneskelegheit/sympati/  
nestekjærleik
- tilgjeving
- rettferd
- åndsfridom
- forvaltaransvar
- respekt for liv
- samspel
- vere-fri-kjensle